

Tambarskjelvar IL – Styremøte 6_2023

Møterommet i Naustdalshallen mandag 6.november, kl. 18:30-20:00.

Til stades: Sigrid, Anne Karin, Andre, Anne Sofie, Siss-May

Ikkje til stades: Pål Arve, Janne, Athina

Saker

27/2023 – Søknad om støtte til vektlyftargruppa for å sende to utøvarar til kvalifiserande stemne for OL 2024

Frå Vektlyftargruppa

Sjå vedlegg kring den økonomiske stoda i NVF. På grunn av dette har forbundet kuttet ut å sende folk til Nordisk både for senior, junior og ungdom. Senior gjekk no i helga og vi sende deltakarar og trenar for klubben si rekning og resultatet vart 2 gull til Tambarskjelvar IL. Neste helg er det Nordisk Junior og Ungdom i Rovaniemi i Finland, same sak der også. Vi må betale for våre – eit tilskot frå forbundet på 1000 kr pr deltakar.

Så har vi to som kan vere aktuelle til å kvalifisere seg til OL. Det er Ragnar og Ine, dei skulle ha vore på eit kvalifiserings-stemne til OL i Qatar i desember, men det har ikkje forbundet pengar til.

Påmeldingsfristen er den 04.11.23.

Dersom vi skal sende dei, pluss trenar, så er det snakk om ein total kostnad på 60.000 kr. Dette er det toppidretts-satsinga til forbundet som i ein normal situasjon skulle tatt, men no er det ikkje slik. Er det von om at styret i hovudlaget kunne ha vore med på eit spleiselag her? Vektlyftargruppa har økonomi pr i dag, men alle sponsorkontraktene våre går ut i år. Geir Grønnevik er i gang med arbeidet for nye sponsor-kontraktar, men pr no er det heilt uvist korleis dette vil gå, og kva økonomi vi får frå og med 2024.

Det gjenstår tre stemne for kvalifisering til Ol. Pris for ein utøver + trenar:

- Stemne i Qatar desember 2023. Pris 30.000,-
- EM i Bulgaria februar 2024. Pris 20.000,-
- World cup i Thailand, mars-april 2024. Pris 35.000,-

Det er skaffa ein del sponsorar, men utover reise og opphald er det og behov for å nytte midlar til restitusjon.

Styret si handsaming av saka:

Styret meiner NVF har stilt seg i ein dårleg posisjon som ikkje kan støtte toppidrettsutøvarane på nasjonalt nivå.

Tambarskjelvar er positive til å støtte gruppene og utøvarane våre. Vi har etter kvart mange søknader om støtte, og vi lyt lage ein modell for idrettslaget for kven som kan søkje støtte og kva nivå denne støtta skal ligge på. Dette for at utøvarane og gruppene våre skal få lik handsaming. Likeins må vi lage ein modell for å støtte trenarar og kursing, jf. årsmøtevedtak. Tambarskjelvar har ein budsjettpost som er sett av til aktivitetsmidlar. Denne er i stor grad tilrettelagt for sosiale aktivitetar i gruppene.

Tambarskjelvar innvilgar kr 30.000,- til Vektløftargruppa som støtte til Qatar desember 2023. Dei andre to stemna vil Tambarskjelvar ta stilling til seinare. Vektløftargruppa får fullmakt til å fordele midlane mellom dei to utøvarane. Vi ber om at utøvarane og trenarane brukar Tambarskjelvar IL sine overtrekksdraktar på stemnet.

28/2023 Søknad om støtte til avslutning for fotball J7 og J8 på inntil 1250 kr. Søknad er handsama per messenger av styret og innvilga. Kvittering må leggest fram for tilbakebetaling.

29/2023 Søknad om støtte til sosialt arrangement for inntil 2300 kr for sesongavslutning for G7. Søknad innvilga på møtet. Kvittering må leggest fram for tilbakebetaling.

30/2023 Det er nokre årskull som ynskjer fotballtrening gjennom vinteren. Det har difor vore eit møte mellom idrettsskulen og fotballen for å diskutere moglegheitene. Der vart det semje at 4 klasse kan trene fotball ein gong per veke, 2+3 klasse kan trene fotball annakvar fredag, laurdag el søndag, utanom treningstidene til idrettsskulen.

Tambarskjelvar il har årsmøtevedtak på at vi tilbyr aktivitetar for ungar til og med 10 år i tidsrommet haustferie til og med påske gjennom idrettsskulen, og ikkje gjennom særaktivitetar. Styret er oppteken av at alle skal respektere årsmøtevedtaket. Det må vere likt for alle gruppene.

Ordninga for fotballen skal evaluerast til våren. Styret meiner imidlertid at slik dette har utvikla seg, bør vi handsame dette på årsmøtet i mars 2024. Styret har vurdert ulike alternativ.

Hovudlaget skal ha møte med fotballgruppa og trenarane for det aktuelle laget 17. november kl. 19:30.

31/2023 Strategi for Tambarskjelvar IL. Saka vart utsatt.

32/2023 Støtte til utviding av klubbhus Instedalen skianlegg (sjå førre styremøte). Saka vart utsatt.

Orienteringssaker

Klubbkveld med Sport1 torsdag 9.november. Legg ut på FB på klasesidene. Vi kan selje Tambarboka for kr 50,-, ligg på møterommet i Hallen.

Lager i Naustdalshallen. Andrè har hatt møte med Odd Gunnar Røyseth. Andrè og Siss-May planlegg møte med skulen.

Open Hall 17.november kl. 18:00-19:30. Open hall er for ungdomsskulen. Vi tilbyr volleyball denne kvelden. Siss-May, Andrè, Pål Arve og Anne Sofie er tilstades.

Ny nettside for tambarskjelvar.no + sunnfjord.trialton.no. Det er inngått avtale med Vookal. Meir moderne utsjånad, alle gruppene må delta for å forme innhaldet på eigne sider. Tinga fotograf til å ta bilete. Fotballen vert ikkje rørt per no grunna mykje innhald. Tambarskjelvar ynskjer å få denne over på same plattform på sikt. Vi planlegg at nokon frå kvar gruppe får opplæring i publisering.

Tambarskjelvar har tømt lagerlokale i kjellaren på gamle kommunehuset. Alt av eldre bilag gjekk i container. Vi har teke vare på protokollar frå hovudlaget, men ikkje frå særgruppene. Vi har eit opplag av Tambarboka på om lag tusen eksemplar. Først er det som er teke vare på stabla på møterommet til Tambarskjelvar, men vi treng ei meir langsiktig løysing for lagring.

Hallvakter Naustdalshallen. Det er oppretta ei side på FB for vaktene, gruppeleiarane og trenarane. Vi har behov for fleire vakter. Sigrid oppmodar styremedlemmane til å rekruttere to vakter kvar.